

Sak 32/07 Klimaendring og forureining - UiS sitt ansvar (2007/1567)

Utgreiing

Det har i lang tid, både nasjonalt og internasjonalt, vore fokusert på miljø, forureining og medvite arbeid med miljøvern. Eit berande prinsipp i mange avtalar og regelverk er at den som forureinar må anten betala for å retta det opp, eller slutta å forureina. I den seinare tida har det og vorte teke til orde for at reglane, som til no har vore retta mot dei store forureinarane, burde etterlevast og av andre. Etter at både Stavanger kommune, Statoil og fleire til har vedteke å følgja dette opp, legg direktøren difor saka fram for styret.

1) Formalisert miljøverksemd. Døme på dette er EU sine internasjonale standardar som vi har slutta oss til, konkretiserte i ISO 14001 (EMAS, eller EU sitt friviljuge miljøleings- og revisjonssystem) og i "Miljøfyrtårn" (Miljøverndepartementet si godkjenningssystem for små og mellomstore verksemdar når det gjeld deira formaliserte miljøarbeid).

Stendig fleire store industriverksemdar vert ISO-14001-miljøsertifiserte. Det same gjeld kommunar og statlege verksemdar som har mykje med energi og forureining å gjere. ISO-sertifisering er kosesamt, og det krev kontroll og oppfølging frå eit sertifiseringsorgan for å halda på godkjenninga. Staten har difor bestemt at for eigne verksemdar skal det gjennomførast ei særordning, tufta på dei same reglane, men med eige gjennomføringsansvar for verksemdene som dei skal rapportere til overordna mynde. Denne særordninga heiter GRØN STAT. Den vart vedteke gjennomført i St.prp 1, 2001-2002, med krav om at miljøleing skulle implementerast i alle statlege verksemdar innan utgangen av 2005.

Slik vart det og hjå oss, med godkjenning for mål og utforming frå direktøren i møte 051005, mål vart sett og approbert for 2006, og første oppsummeringa er gjort i januar 2007, rapportert til Kunnskapsdepartementet i Budsjettdokumentet for 2007 (perioden 2006-2008).

Som vedlegg til denne saka finn de eit kort samandrag av kva GRØN STAT er, eit samandrag av våre mål, og måla til Statsbygg. Dette siste er interessant for oss sidan Statsbygg eig bygga vi held til i, og det er viktig for oss å samordna dei to systema.

2) Klimakvoter. Eit fokusområde i den siste tida har vore spørsmålet om UiS som eit godt føredøme i miljø saker skal kjøpa CO2-kvoter. Spørsmålet har og vore reist av studentorganisasjonen Ullandhaug AUF i brev til universitetsdirektøren (vedlagt). Såkalla klimakvoter stammar frå Kyoto-avtalen, der det var semje om at særleg sterk forureining måtte kompenseras med miljøtiltak. Slik kunne ein vonleg unngå auke i forureininga, og gjerne tilmed få til reduksjon i utslepp av klimagassar. Ideen er at sterk forureining skal verte så dyrt (ein må betala mykje for kvoter for å få løyve til å forureina) at det vert lønsamt å lata vere, anten gjennom reinseanlegg, eller gjennom alternative energikjelder. I Noreg er dette regulert av Klimakvotelova. Det er gjeve kvoter til dei mest forureinande verksemdene i landet, det vil seie ei øvre grense for kor mykje CO2 dei har høve til å sleppa ut. Går dei over grensa må dei betala store bøter om dei ikkje har greidd kjøpa kvoter av andre som har større kvote enn dei nyttar. Slike ekstrakvoter kan fort verte dyre, og her ligg incentiv til sparing og reinsing.

Til no tykkjest dette å ha effekt, men ikkje så mykje at utslipp av klimagassar går ned. Dette har aktualisert noko mange naturvernorganisasjonar har meint var naudsynt, nemleg at nasjonar, offentlege og private verksemdar og tilmed einskildindivid burde påleggja seg sjølve kvoteavgiftar og haldningsendringar ut over det internasjonalt omforente for å auka tempoet i ryddinga. I England har statsministeren sett av pengar for å kjøpe klimakvoter tilsvarande det statsbyråkratiet skapar gjennom reiser med fly, hjå oss har Stoltenberg gjort det same. I nærområdet vårt går Stavanger kommune og Statoil inn for slike ordningar dei med.

Det er sett prisar på utslepp, for tida om lag 200 kroner pr tonn CO2. (ein vanleg lastebil produserer 10-12 tonn i året). Flytransport er ei av dei største kjeldene til CO2-utslepp, og sentrale mynde har rekna at utslepp pr reise pr person ligg rundt om 125 kr i gjennomsnitt.

Tanken er at ein gjennom kjøp av kvotar kan finansiera utslepphindrande tiltak i andre land, der tiltak har mykje større effekt enn heime. Eit slikt system er nok naudsynt, sidan Noreg som har plikta seg til å ikkje auka med meir

enn 1% i tida 1992-2012, allereie har auka med meir enn 9%. Her må anten sparast hardt eller så må ein kjøpa seg fri.

3) Kva slag forureining driv så vi med?

UiS sin innsats på dette vert litt annleis. Vi forureinar ikkje på nokon måte slik at vi fell under krav frå lovar og regelverk, men vi er unekteleg med på å ureina verda

Ser ein på kva som er målbart av forureining hjå oss, er det i hovudsak

- 1) flyreiser, vi reknar om lag 3000 turar pr år. Etter kvoteprinsippet svarar det til 375.000 kr i avgift
- 2) Bruk av gass i oppvarming. Sannsynleg forbruk pr år, når vi no har fått anlegget vårt i gang, vil vere 5 millionar kWh, tilsvarande 1000 tonn CO₂, tilsvarande 200.000 kr i avgift.
- 3) Bilbruk med UiS sine bilar, oljefyring og anna svarar truleg til ca 50 tonn CO₂, eller avgift på 10.000 kr.
- 4) Bilkøyring som del av arbeidet. I eigen bil, eller leigd bil, fer våre folk mykje rundt. Held vi oss til det som er registrert på reiserekningar, er det 168.348 km i 2006, noko som rundt rekna tyder 7-10.000 kr i avgift
- 5) Sekundær CO₂-produksjon ved at andre brenn, eller deponerer, vårt avfall, som er om lag 125 tonn, eller 25.000 kroner.

I tillegg kjem sjølvsgatt all den bilkøyringa våre tilsette driv til og frå arbeid, men dette er svært vanskeleg målbart, og i større grad individretta. Vi held det difor utaføre reknestykket førebels, sjølv om det her og bør vere råd å verte betre.

Vurdering

UiS er i grunnen ei finsleg verksemd med små bidrag til verdsforureininga. Det finst ikkje noko regelverk som pålegg oss korkje kvotekjøp eller tiltak. Mykje av det vi forureinar er og i dag pålagd miljøavgifter i Noreg, som avfallshandtering og fly- og bilbensin. Her vert det difor meir tale om eit etisk standpunkt der ein tek ansvar. Dette ansvaret kan ein ta på fleire vis. Vi gjer alt ein del gjennom GRØN STAT, som er ei medvite satsing for å redusere avfall, energibruk og reiseverksemd. Vi kan gjere meir gjennom kjøp av klimakvoter. Vi kan gjere ein innsats gjennom medvite satsing på klimaforskning. Vi kan og involvera studentar og tilsette gjennom opplæring og haldningsendringar.

Eit første steg for oss vert difor å sjå på kva som kan betrast i haldningar og enkle handlingar. Det er ikkje alltid like lett i ei verksemd der vi berre langsamt greier å få effekt av kjeldesortering, der rydding er sørgjeleg fråverande i mange samanhengar, der bilbruk er regel heller enn unntak. Men påverknad frå styre og leiing kan ha god effekt.

Større bruk av videokonferanse, heller enn fly er eit godt tiltak. Her har vi utstyr og kunne til å gjennomføre mange fleire enn vi gjer. Det er rett nok ei utfordring, for det krev ekspertise, og det krev at motparten og tykkjer det er greitt. Kulturen er nok også at personlege møte er best.

Sjølvpålagde klimakvoter er eit tydeleg og godt signal til omverda, men det er mange som meiner det er vanskeleg å vita om dette har nokon effekt, og ikkje alle kvoteleverandørar kan garantera resultat.

Sjølvpålagd disponering av midlar knytt til betring av miljø, i same omfang som innkjøp av kvoter, er og eit verkemiddel. Dette kan anten kanalisert til å forbetra GRØN STAT-satsinga, eller til forskning som er direkte retta inn på å betra klimastoda, til dømes CO₂-rensing, reduserte utslipp frå oljeverksemda, alternative energikjelder. Sjølv om mykje av vår forskning og utvikling har vore knytt til oljeutvinning, har det alltid vore eit mål å finne måtar å vinne ut olje og gass på som er effektive og miljøvennlige og med reduserte utslepp av CO₂. Vi bør nå og involvera oss i forskning knytt til alternative energikjelder.

Universitetsdirektøren har det syn at UiS som ein stor og godt synleg samfunnsaktør har eit ansvar. Gjennom aktiv handling kan vi vere eit føredøme for andre.

Direktøren meiner vi bør binda ein sum lik det vår målbare forureining tilsvarar i klimakvotekjøp til vår innsats. Men det ville vere urett å berre kjøpa klimakvoter utan sjølve å gjere ei innsats for betring av miljøet. Direktøren finn det difor rett å satsa på fire tiltak i første omgang, for så å vurdere effekt på sikt.

- Initiera ei haldningskampanje, der ein gjennom innslag i studentane sitt pensum, gjennom nettinformasjon, plakatar og anna aukar medvitet om kva det er råd å gjere, og korleis.
- Investera i betre avfallshandteringsutstyr.
- Kjøpa klimavoter for ein rimeleg sum.
- Nyttar midlar til å styrka intern energiforsking med miljøeffekt. Dette vil og vera i samsvar med Stavangerregionen sin næringsplan og arbeidet for å verte europeisk energihovudstad i 2020.

Framlegg til vedtak:

Styret ber direktøren disponera 650.000 kr til forskning og miljøfremmande tiltak.

Klimavoter:

- eksternt kr.100.000 til miljøorganisasjon for miljøforskning
- internt kr 400.000 til miljøforskning innretta mot alternative energiformer

Ekstraordinære miljøtiltak:

- handlingskampanje 50.000
- nytt miljøutstyr 100.000

Stavanger, 26.03.2007

Per Ramvi
universitetsdirektør

John B. Møst
ressursdirektør

Vedlegg: Informasjon om Grøn stat
Brev frå Ullandhaug AUF